



ÅRSPLAN

MARIHØNA BARNEHAGE



2024 – 2025

«Ein god start på livet»

Innhold	Side
Velkommen til Marihøna barnehage	3
Visjon og mål	5
Barnehagen som pedagogisk verksemnd	6
Samarbeid med foreldre / føresette, personalet og eksternt	6
kommunikasjon	8
Når barnet begynner i barnehagen, overgang i barnehagen	9
Overgang Barnehage - skule	9
Satsingsområde	11
Regional kompetanseheving	13
Voksenrolla	14
Dei utrulige åra / Dinoskule	16
Trygg I Fellesskap	17
Allmennpedagogisk tilbod til born med trong for ekstra støtte	18
Rammeplanen	18
Progresjonsplan for arbeid med fagområda i rammeplanen	19
Omsorg, danning, leik og læring	26
Dokumentasjon og vurdering	29
Born si medverking	30
Årshjul	31-34
Lenker	34

Velkommen til Marihøna barnehage!

Marihøna barnehage vart opna i juli 2002, og er ein av 13 kommunale barnehagar i Øygarden kommune. Bygget er eigd av Fjell Bustadstifting og barnehagen vert drifta av Øygarden kommune.

I Marihøna barnehage har vi fire avdelingar der det til ein kvar tid er ein eller to avdelingar for barn frå 0-3 år. Samansetjinga og gruppестррelsar kan variere frå år til år, men innan bemanningsnorma. Totalt er barnehagen godkjent for 87 barn, dersom alle er over 3 år.

Barnehagen ligg på Hjelteryggen, og har fått eit flott uteområde (oppgradert i 2016). Uteområdet er variert, med mykje ulendt terrenge på barnehagen si bakside. Her får barna gode moglegheiter til å utfolde seg. I nærmiljøet finn vi ulike turområder som vi nyttar; «Edderkopphula» i sør, leirområdet nord i skogen, vasstårnet og Kyrkjevegen i vest. Personalet vil gjere seg kjent i nærmiljøet, nytte dei ulike stadene for leik og læring som finns i nærmiljøet til barnehagen, og knytte dette til pedagogisk innhald og fagområda i rammeplanen. Ein dag kvar veke har avdelingane som mål å gå på tur i nærmiljøet.

Barnehagen si opningstid er kl. 07.00-16.30.

Planleggingsdagar: Barnehagen har 5 planleggingsdagar i løpet av eit barnehageår. For barnehageåret 2024-2025 er dette: 9 september, 01 november, 7 februar, 2 mai og 30 mai. Barnehagen er då stengt.

Barnehagane har feriestengd dei to siste vekene i juli. Kommunen tek betaling for 11 månader. Alle barn skal difor avvikle minst 4 veker ferie i løpet av året. Tre av ferievekene må avviklast samanhengande i tida 15. juni til 15. august. Ferie må meldast på framhand til den einskilde barnehage, innan 1. april. Den 4. ferieveka bør avviklast samanhengande og skal meldast barnehagen to veker på framhand.

Personalet i Marihøna barnehage:

Marihøna barnehage har 16 årsverk. I tillegg kjem evt. lærlingar, praksiselevar, studentar, støtteassistentar, ekstraressursar, vikarar, vaktmeister og reinhaldar. Det er 7 barnehagelærarar, 7 barne- og ungdomsarbeidrarar, assistenter, i tillegg til dagleg leiar.

ÅRSPLAN

Årsplanen er eit av arbeidsreiskapa til personalet, og seier noko om kva vi driver med her i barnehagen; om kva vi jobbar med, kva mål vi har sett oss for arbeidet vårt, og kva vi trur på. Denne blir brukt aktivt i det daglege arbeidet med barna, og bidrar til å styre verksemda i ei bevisst og uttalt retning. Den gir også informasjon til foreldre om kva barnehagen vår legg vekt på.

Årsplanen skal godkjennast av barnehagen sitt samarbeidsutval, SU.

Barnehagen vert drifta etter barnehagelova, rammeplan for barnehagar og kommunale vedtekter.

Rammeplan for barnehagar finn de her:

<https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-bokmal2017.pdf>

Kontakt med barnehagen:

Styrar: Therese.Frostad@oygarden.kommune.no

		Besøksadresse:
Styrar:	Tlf: 55 09 63 80/40851699	Marihøna barnehage,
Avd. Adalia	Tlf: 95 47 98 59	Hjelteryggvegen 126
Avd. Myzia	Tlf: 91 91 93 12	Postboks 92
Avd. Coccinella	Tlf: 95 47 65 82	5345 Knarrevik
Avd. Thea	Tlf: 95 48 09 32	

Dagsrytme i barnehagen:

Barnehagen opnar kl. 07.00 og stenger kl. 1630. Kvar avdeling har si eigen dagsrytme og sitt program for veke og månad, tilpassa barna si alder. Alle barna skal ha vore ute i løpet av dagen, anten før eller etter lunsj, og alle barn skal ha moglegheit for aktivitet og kvile. Føresette får info om det spesifikke frå avdelinga via månads- og periodeplanar. I grove trekk kan vi skissere opp dagsrytma slik:

0700	07.00- 08.30	Ca.0830- 0900	09.00-11.20	Ca.1130- 1200	12.00- 14.30	Ca.1430- 1500	15.00- 16.30	1630
Bhg opnar	Leik og relasjons- bygging. Avd. på same plan samar- beider	Frukost som dei tar med frå same heimen.	Samlingsstund Tur /utetid, Aktivitetar, grupper. (nokre av dei minste skal sove).	Bhg. servere lunsj. (evt. stell, skift av bleier i forkant).	Utetid, leik, kvilestund, (evt. stell, skift av bleier i forkant).	Fruktmåltid, nokken barn har yoghurt med.	Utetid/ Aktivitet på avdeling.	Bhg. stenger.

Visjon og mål: Ein god start på livet!

Vi har ein visjon som seier noko om kva vi vil, og kva som er viktig for oss; å gje barna som går her i barnehagen ein god start på livet. I Marihøna barnehage skal det være trygt og godt å være- og barna skal oppleve å verta møtt og sett. Vi skal møte barna med varme, omsorg, humor og glede. Vi vil jobbe for at alle barna viser omsorg for kvar andre, at alle får oppleve fellesskap og vennskap, og at det er lov å være ulike.

Barnehagen skal fremme menneskeverdet ved å synleggjere, verdsette og fremme mangfold og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finnes ulike sett å handle og leve etter. Barnehagen skal gje felles erfaringar og synleggjere verdien av fellesskap. I løpet av barnehageåret har vi ulike markeringar i barnehagen. Det kan være haustfest, nisselfest, Lucia tog, 17. mai feiring, karneval og sommarfest. I tråd med rammeplanen markerer barnehagen samefolkets dag. FN dagen, der barnekonvensjonen er i fokus, blir markert saman med vennskapsveka. Dei eldste barna deltek på julegudsteneste og påskevandring i kyrkja.

Verdigrunnlag:

I barnehagen skal vi formidle grunnleggande verdiar som tryggleik, omsorg, fellesskap og representere eit miljø som byggjer opp om respekt og toleranse.

Tryggleik: er grunnlaget for trivsel og vidare utvikling. Vi er opptatt av å jobbe med tryggleik og gode relasjonar i barnegruppene. For å oppnå tryggleik må vi jobbe for eit raust, inkluderande miljø der både barn, foreldre og personale vert møtt med openheit og respekt. Rausheit og inkludering kjem ikkje automatisk, og må stadig reflekterast rundt.

Omsorg: i barnehagen handlar både om relasjonen mellom oss vaksne, mellom barn og vaksne, og barn si omsorg for kvarandre. Slik vi vaksne er mot kvarandre som kollegaer, vil komme til uttrykk i korleis barn er mot andre barn. Derfor er det viktig at vi er vår rolle bevisst; kva vi seier og gjer når barn er i nærleiken. Vi ønskjer å tilby barna eit miljø prega av glede, humor, kreativitet og omtanke for fellesskapet. Gjennom å gi god omsorg styrker vi barna sine føresetnader for å utvikle tryggleik og tillit til seg sjølv og andre, til gradvis å ta større ansvar for seg sjølv og andre, og til gradvis å ta større ansvar for seg sjølv og fellesskapet.

Arbeidet med visjon og verdiar er ein kontinuerleg prosess og bevisstgjering av vårt arbeid både for personalet som er her i dag, og for framtidige tilsette.



Barnehagen som pedagogisk verksemd:

Barnehagen skal være ei pedagogisk verksemd som skal planleggast og vurderast. Både barn og foreldre har rett til medverknad i disse prosessane. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd, er å gi barna eit tilrettelagt tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Barnehagen er ei arena for læring og må sjåast som ein del av det totale utdanningssystemet i Norge.

Barnehagen sitt innhald skal byggje på eit heilskapleg læringssyn, der danning, omsorg, leik og læring er sentrale delar av barnehagen sitt læringsmiljø.

Dei tre første åra er særskild avgjerande for eit menneske si utvikling og ingen andre livsfasar har ein så stor hjerneutvikling som dei første leveåra. Eit barn lærer seg eit verbalspråk, sosial samhandling, kommunikative ferdigheter og demokratiske prinsipp som dei treng for å fungere godt saman med andre. Barnet lærer seg grunnleggjande motoriske ferdigheter, hjernen tolkar inntrykk og signal og barnet blir i aukande grad i stand til å ta bevisste val og regulere sine kjensler. Vi som jobbar i barnehage er bevisst vårt store og viktige ansvar som rollemodellar og verdiformidlarar, men og det ansvaret vi har for det einskilde individ og eit berekraftig samfunn.

Samarbeid med foreldre

Marihøna barnehage har etter lov om barnehagar §4 eit foreldreråd (alle foreldre) og eit samarbeidsutval (heretter kalla SU).

Kvart år er det minimum to SU møter, eit felles foreldremøte + eit foreldremøte for avdelinga og 2 fastsette foreldresamtaler.

For foreldre av nye barn som begynner i Marihøna skal det haldast startsamtale med pedagogisk leiar. Vi nyttar felles mal på foreldresamtalen, de vil få nærmere info i forkant av kvar samtale.

SU har møte før/ evt. etter foreldremøte på hausten, eit på våren og elles ved behov.

Styrar som fagleg, administrativ og personell leiar kan alltid kontaktast av foreldre på epost:

Therese.frostad@oygarden.kommune.no, og på tlf:[55096380](tel:55096380)/[40851699](tel:40851699). Det er viktig at føresette melder til styrer dersom det er endringar i adresse, mail, tlf eller anna.

Frå mai 2015 har det vore eigen, lukka Facebook gruppe for føresette i Marihøna barnehage. Gruppa er initiert frå SU som ein del av eit positivt kontaktskapande og samordnande arbeide. Vidare gis det moglegheit for informasjon frå SU. Sida vert drifta av dei to valde foreldrerepresentantane i SU, (eller andre eagna). Barnehagen har ikkje ansvar for innhaldet på denne sida.

Kvar avdeling har ein foreldrekontakt— Han eller ho skal være eit bindeledd mellom barnehagen, SU (samarbeidsutvalet) og foreldregruppa på avdelinga. Foreldrekontakten blir vald på haustens foreldremøte.

Personalsamarbeid:

Personalalet vil samarbeide på avdelinga og mellom avdelingane, for best mogleg å skape gode rutinar og bruke minst mogleg ressursar på det som ikkje gjeld direkte arbeid med barna.

I tillegg til 5 planleggingsdagar i året, har vi personalmøte på kveldstid kvar månad. Avdelingane har møte annankvar uke i barnehagen si opningstid. Det er i tillegg leiarmøte i barnehagen kvar veke.

Dei tilsette si trivsel har tyding for den jobben dei utfører med barna. Vi veit at eit godt sosialt klima og samarbeid er viktig for relasjon, trivsel, motivasjon og læring, både for dei vaksne og for barna. Vi har sosiale arrangement utanfor arbeidstid som er med på å skape samhald og engasjement i personalgruppa. Arrangementa er med på å bygge og oppretthalde gode relasjonar, samt auke tryggleiken og tillit til kollegaer.

Samarbeid omkring planer for avdelingane er ofte hensiktsmessig, då vi jobbar med same tema i ei to månaders periode og mykje av arbeidet inkluderer fleire avdelingar, som fellessamlingar, Dinoskule, leikegrupper, vennskapsveke, karnevalsveke osv.

Eksternt Samarbeid:

For at barn og foreldre skal få eit mest mogleg heilskapleg tilbod til beste for barna si oppvekst og utvikling må barnehagen samarbeide med andre tenester og institusjonar i kommunen (Jmf. Rm.pl

kap.5.) Barnehagen har eit godt samarbeid med helsesøster, PPT, psykolog, rettleiarar, logoped, barnevern, ergo/ fysioterapeut, m.fl. Barnehagen kan kontakte eksterne samarbeidspartnarar for å rådføre seg og ta imot rettleiing på generelt grunnlag, men der barnet sitt namn vert kjent vil lov om teieplikt og opplysningsplikt overhaldast. Før kontakt vert etablert på eit slikt grunnlag, med eksterne samarbeidspartar, skal vi alltid inkludere føresette i prosessen, samt be om samtykke. Føresette skal så langt det er mogleg alltid inkluderast som ein part. Husk at det er barnet sitt beste vi samarbeider om.



Kommunikasjon barnehage/heim

Barnehagen har ein årsplan som beskriver barnehagens pedagogiske tilbod. I tillegg gjer barnehagen ut informasjon gjennom periodeplanar der de får planar for kva som skal skje, og gjere ei vurdering av aktivitetar som er gjennomført. Barnehagen dokumenterer jamleg kva som har skjedd i løpet av dagen i form av bilete, tekst eller begge deler.

Uformelle samtalar

Mye av kommunikasjonen mellom barnehage og føresette skjer i uformelle samtaler, for eksempel i garderoben ved levering og henting. Der er det og ofte andre barn og vaksne til stede. Om de ønsker å snakke om noko som andre ikkje skal høyre, kan de be om ei eigen samtale for det.

Formelle samtalar

Et par gonger i året inviterer barnehagen til obligatorisk utviklingssamtale for føresette. Dette er en samtale mellom barnehagelærar og føresette til kvert enkelt barn. I samtalen kan de snakke saman om korleis de opplever barnets behov, trivsel og utvikling. Dersom begge foreldra har eit anna morsmål enn norsk/svensk/dansk kan de be om at barnehagen bestiller tolk til utviklingssamtalen om de har behov for det.

Foreldremøte

Ein til to gonger i året held barnehagen felles foreldremøte, der alle foreldra blir invitert. På foreldremøte drøftast aktuelle saker som angår barnehagen, og alle foreldre kan komme med innspel.

Foreldreråd og samarbeidsutval

Foreldrerådet består av foreldra til alle barna i barnehagen. Foreldrerådet skal fremme foreldras fellesinteresser, og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper et godt barnehagemiljø. Samarbeidsutvalet (SU) består av foreldre og tilsette i barnehagen. SU skal sikre et godt samarbeid mellom barnehagen og barnas heim. Viktige saker for barnehagen skal behandlast i SU. Eksemplar på slike saker er årsplan, budsjett, endring av driftsform eller organisering.

Når barnet begynner i barnehagen:

Rammeplanen seier:

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida slik at barnet kan oppleve tilhøring og tryggleik til å leike, utforske og lære.

Slik ser det ut hos oss:

Tilvenning i barnehagen må skje på barnet sine premisser. Det er ein stor overgang for barnet, og det er derfor viktig at vi setter av nok tid. Erfaringa tilsei at ei lengre tilvenning gir tryggare barn. Vi ønskjer difor å utvide tilvenninga til ca. 3 veke, alt etter kva barnet har behov for. Dei første dagane er det foreldre som har ansvaret for barnet når det skal stellast, et, sôv og leiker, og den tilsette nærmar seg barnet gradvis, og i barnet sitt eige tempo. Det er enklare for oss å lese barnet sine signaler og sjå barnets behov når de er saman med foreldre over litt lengre tid.

Frå dag 4 og ut uke tre anbefaler vi at barnet ikkje er i barnehagen meir enn ca. 6timer pr dag.

(Primært fra 08:30-14:30)

Ein god start er til det beste for barn, foreldre og personalet.

Overgang i barnehagen

Rammeplanen seier:

Overgangar skjer også i barnehagen. Personalet skal sjå til at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjent med barna og personalet når dei bytter barnegruppe.

Vi ser på overgang i barnehagen som ein lang prosess frå barnet begynner i barnehagen til overgangen faktisk skjer. Personalet rullerer/hospiterer på ulike avdelingar mellom anna ved sjukdom og

møteavvikling, men og i leik ute rullerer dei vaksne. I utetida ser dei vaksne kor barna leiker, og deltek der det er størst behov for vaksne. Då kan ei voksen vere i leik med barn frå alle dei fire avdelingane i ei og same leik. Barna blir då kjent med vaksne frå andre avdelingar, og er trygg på at alle vil en vel. Våren før barna skal skifte avdeling og starte på stor avdeling får dei besøke ny avdeling under måltid, samlingar og for leik. Dette gjer dei i små grupper saman med ein voksen frå avdelinga dei går på. I sommarmånadene slår vi ofte saman fleire avdelingar og barna får moglegheit til å stifte enda betre kjennskap til sitt nye miljø, både fysisk og relasjonelt. Personale tilknytt barnet si avdeling er til stade gjennom heile sommaren. Det er likevel ønskelege at de som forelde av omsyn til barnet tek litt kortare dagar dei første dagane på ny avdeling. Det er for mange ei stor omvelting, og delvis ny tilvenning.

Overgang barnehage skule:

Rammeplanen seier:

Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skolen legge til rette for at barna kan få en trygg og god overgang frå barnehage til skule og eventuelt skulefritidsordning. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, deira overgang til og start i skulen. Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningsar om enkeltbarn med skolen.

Dei eldste barna skal få moglegheit til å glede seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal legge til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskapar og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og motivasjon for å begynne på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skolen med nysgerrigkeit og tru på egne evner. Barna skal få bli kjent med kva som skjer i skulen og skulefritidsordninga.

Slik ser det ut hos oss:

Vi samarbeider med Hjelteryggen skule for å skape en best mogleg overgang frå barnehage til skule. Vi skal også samarbeide med andre skuler, då fortrinnsvis om barn som skal starte der.

Øygarden kommune har prosedyrar for overgangen bhg- skule og ei årsoversikt som omhandlar samarbeidet. Personalet på skulen og i barnehagen kjenner innhaldet. Oversikten inneholder tider for møter, besøk i barnehagen, SFO, og ulike tema som skal bidra til emosjonell trygghet hos barna. Det er no fast møte/samtale med skulen og ped. leiar. Her vil informasjon om skolebarna bli formidla, i

tråd med prosedyre og avtale med føresette på siste foreldresamtale før skulestart. Saman med eldstegruppa, skulen, føresette og barnet sjølv, vil vi jobbe for at overgangen barnehage- skule blir mest mogleg naturlig, positiv og heilsapleg.

<https://www.oygarden.kommune.no/tjenester/barnehage-skule-og-familie/barnehage/sprakkommune/overgang-barnehage-skule/>

Satsingsområde for barnehageåret 2024/2025:

-Språk og kommunikasjon

- Mangfald og gjensidig respekt

-Natur og miljø



Litt om tankane bak orda i satsingsområdet:

Rammeplanen seier at:

Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, medrekna teiknspråk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvarldagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilsapleg språkutvikling.

Barnehagen skal legge til rette for at barna kan få eit mangfold av naturopplevingar og få oppleve naturen og nærmiljøet som arena for leik og laring.

I arbeidet med desse satsingsområda har vi som hovudmål at vi:

- Anerkjenne, stimulere og respondere på dei ulike verbale og ikkje-verbale uttrykka til barna og støtte språkutviklinga deira.
- Sørgje for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språk som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne tankar og kjensler.

- Bidra til at språkleg mangfold blir noko positivt for heile barnehgruppa, støtte fleirspråklege barn i å bruke morsmålet sitt og samtidig aktivt fremje og utvikle den norsk kompetansen til barna.
- Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfold av naturopplevingar og få oppleve naturen og nærmiljøet som arena for leik og læring.
- Får gode friluftslivopplevingar året rundt.
- Får kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lærer av naturen og utviklar respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen.

Mangfold og gjensidig respekt



I Marihøna barnehage har vi et stort mangfold av nasjonalitetar, morsmål, personlegdom, alder og familiesituasjonar.

Rammeplanen seier at Barnehagen skal bruke mangfold som ein ressurs i det pedagogiske arbeidet og støtte, styrke og følge opp barna ut i frå deira eigne kulturelle og individuelle forutsetningar. Barnehagen skal fremme respekt for menneskeverdet vise korleis alle kan lære av kvarandre, fremme barnas nysgjerrigkeit og undring over likskap og skilnadar. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler seg sett og anerkjent for den de er, og synleggjere deira plass og verdi i fellesskapet.

Kommenterte [TF1]: her må linjeavstanden rettes.

Alle barn har rett til å delta og kjenne på følelsen av å være inkludert i fellesskapet. For at barn skal oppleve at mangfold er en ressurs, er gjensidig respekt og tilhøyring viktig. Barnehagen gir barna felles erfaringar som gir dem felles utgangspunkt i sosiale samspel. Det kan vere turar i nærområdet, arbeid med vennskap, fortellingar eller felles prosjekter ut i frå barnas interesser ved bruk av bildar og konkretar.

Det er viktig for oss at vi har eit godt samarbeid med dykk føresette for at barna skal få ein kvardag kor alle barna føler seg inkludert og opplever ein tilhørsle hos oss.



Språkleg mangfold

Barnehagen er en viktig møteplass for familiarar med ulik bakgrunn. Dette skaper et språkleg og kulturelt mangfold, som er en ressurs som bidrar til økt innsikt, toleranse og respekt for kvarandre. Morsmålet er en viktig del av barns identitet. Et godt morsmål gir gode føreseeingar for å lære norsk. Samtidig er det å få være i et fleirspråkleg barnehagemiljø en styrke for alle barn. De kan bli

nysgjerrige på andre sitt språk og samtidig bli meir oppmerksam på sitt eget. Song, rim og reglar får ulik klang på de ulike språk, og barna kan få en forståing av at det er mange måtar å uttrykke seg på.

For at barn skal kunne bygge relasjonar, delta i lek og læring, samt medverke i eigen kvardag, er det viktig at de utviklar et språk som gjer det mogleg. I Marihøna barnehage møter barna et rikt og variert språkmiljø kor personale er aktivt til stades i kvardagsaktiviteter og opptrer som språklege rollemodellar.

Vi jobbar med språk på ulike måtar i forhold til alder og utviklingsnivå.

- Leikegrupper; er ein arena der barna i mindre grupper får skape gode relasjonar til andre barn og vaksne. Det gir og ei anna ro, og er for nokon lettare å «gjere seg synleg» i mindre grupper. Dette er ein god arena for å jobbe med språkstimulering.
- Vi vaksne er bevisste på å gi barna språklege utfordringar i eit trygt miljø.
- Dei Utrulege Åra; er eit barnehageprogram utarbeida av Caroline Webster-Stratton. Vi arbeidar med relasjonsbygging, proaktive strategiar, ros og gode tilbakemeldingar, beskrivande kommentarar, coaching og å være tydelege og forutsigbare vaksne.
- Kvilestund/avslapping: kvar avdeling legg til rette for balanse mellom aktivitet og kvile. På småbarnsavdeling sov mange av barna, mens det mellom anna er kvilestund for dei eldre barna på øvrige avdelingar.
- Fellessamling/samlingsstund: vi prøver å gjennomføre fellessamling ein gang kvar veke, då samlast alle 4 avdelingane på fellesrom oppe eller nede. Avdelingane har elles samlingsstund på eigen avdeling kvar dag. Her kan det være alt frå song, musikk, eventyr, drama, temasamlingar ol.

Re- komp


I barnehageårene 2023-2025 deltar Marihøna barnehage i Regional ordning for kompetanseutvikling. Vår samarbeidspartner i kompetanseutviklinga er NLA, og saman skal vi bidra til utviklinga av barnehagens pedagogiske praksis. Formålet er å fremme kompetanseutvikling gjennom praksisnære tiltak som involverer heile barnehagen, og som sikrar at barna får eit likeverdig tilbod av høy kvalitet. Barnas medverking står sentralt, nokke som bidrar til å tilpasse læringsaktiviteter til barna sine eigne interesser og behov. Ved å delta i den regionale ordninga for kompetanseutvikling og samarbeide med NLA, er Marihøna barnehage godt rusta til å levere et barnehagetilbod som både er i tråd med nasjonale standardar og tilpassa barnas individuelle behov

I naturen er det god plass, det er mindre støy, det er nærheit til det opphavlege og naturlege, og det gjer rom for mange moglegheiter til å meistre innanfor eigne forutsetningar. Barna finner sjølv dei trea de kan klatre i, eller den bakken de vil springe i. De kan hoppe, ake, smyge seg eller rulle. Dette er bevegelsar som kan gi spenning og meistringsfølelse. Eigne forutsetningar utfordrast, og det bidrar til utvikling. Meistrings glede bidrar til god sjølvføling og kroppens lykkehormon utskilles.



Vaksenrolla

Gjennom observasjon, refleksjon og ny kunnskap skal personalet til ein kvar tid ønskje å utvikle sin undervisningspraksis, for å yte best mogleg kvalitet i vår pedagogiske verksemnd. Vi er her for barna!



- Rammeplanen sine kapittel inneholder plikter for barnehagen sitt personale og omfattar alle som arbeider i barnehagen.
- Personalet vil fremje demokrati, mangfold og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse. Dei vil jobbe for barn og føresette si medverking. Vi trur på barnet som eit grunnleggjande godt og sosialt menneske, med ressursar og fantastiske læringsevner. Vi veit at barn og vaksne utviklar seg i en positiv retning i samspel som er prega av positive relasjoner preget av interesse, kjærleik og tryggleik.
- I Marihøna barnehage jobbar det interesserte, omsorgsfulle, sensitive og aktive menneske, som tar ansvar for det enkelte barn, sine kollegaer og bedrifta. Personalet vil også ta ansvar for det sosiale klimaet på jobben, dei veit dette også påverkar barna og kollegene si evne til å gjøre ein god jobb.
- Ein tilsett i Marihøna vil være positiv og motivert for jobben i barnehagen, la seg inspirere av jobben i seg sjølv og det å være ein tydingsfull person i barnas liv.
- Personalet forstår det ansvaret som hører til sin jobb og det å forvalte samfunnets viktigaste ressurs, personalet veit at vi er her for barna, og tar barnets beste som grunnleggjande omsyn.
- Som Lov og forskrift påpeiker, så skal personalet i Marihøna være bevisst på og jobbe for eit best mogleg foreldresamarbeid, til barnets beste. Føresette er den viktigaste faktor for barnet si

utvikling og læring, og vil være ein viktig ressurs og samarbeidspartner for personalet i barnehagen.

- Pedagogisk leiar har ansvar for å iverksette og lede det pedagogiske arbeidet i tråd med fagleg skjønn. Pedagogisk leiar sørger for at barnehagelov og rammeplan vert følgt gjennom det pedagogiske arbeidet og leier arbeidet med planlegging, gjennomføring, dokumentasjon, vurdering og utvikling av arbeidet med barnegruppa eller området han/ho er satt til å lede.

I kommunikasjonen med barna vil personalet bevisst bruke strategiar forankra i sosial læringsteori og læreprogrammet DUÅ, med tilknytingsteori frå COS. Vi vil være en trygg base og en trygg hamn. Du kan lese meir om DUÅ og COS på :

<https://www.oygarden.kommune.no/marihonabarnehage/tenester/om-barnehagen/om-oss/>

Hovedfokus skal være å fremme emosjonell, sosial og språkleg kompetanse hos barna.

Målet er den autoritative vaksne som er en trygg omsorgsperson som er tydeleg, forutsigbar og utviser stor grad av kjærleik gjennom si leiing av gruppa og i samtale med individet. (Motsett av autoritær)

Dei tilsette vil ta bevisste val og skape ei helsefremmende barnehage med eit motiverande, humørspreiande og lærande miljø. Tydingsfulle vaksne er rollemodellar og verdiformidlarar for kvarandre, føresette og for barna.

Personalet skal ha respekt for barna si leik og anerkjenne denne og barndommen si eigenverdi.

Personalet har fokus på medverknad og eit inkluderande, demokratisk og kjønnsnøytralt fellesskap. Dette kjem best til syne når vi gjer alle barn dei same moglegeheiter til å utfolde seg og få dei same val. Personalet skal være gode rollemodellar og verdiformidlarar og ha fokus på grunnleggjande verdiar som fellesskap, omsorg, religionsfridom, nestekjærleik, forlating, og solidaritet. Vidare skal retten til å være forskjellig og medansvar løftast fram. Ei anna samfunnsoppgåve i barnehagen er å førebyggje diskriminering og mobbing på et tidleg stadium, vi er ei viktig brikke også som førebyggande barnevern.

Dinosaureskolen



Som et ledd i Marihøna sin satsing på DUÅ, var vi første barnehage i Hordaland i 2009 som kunne tilby barna en ”Dinosaurusskole” for de eldste barna. Dinosaureskolen er en del av Marihønas satsing også i samanheng med overgang barnehage skule.

Dette er et førebyggende program som har som mål å styrke barnas emosjonelle og sosiale kompetanse, som DUÅ, samt styrke barnas sjølvbilde og oppleving av meistring.

Dino skolen er retta mot barna, mens DUÅ er retta mot dei vakne sine strategiar.

Barna øver på å kjenne at og forstå følelsar hos seg sjølv og andre, ta andre sine perspektiv, utvikle betre ferdigheiter i forhold til problemløysing og konflikthandtering, samt sinnemestrings og sjølvkontroll. Barna øver også på sosiale ferdigheiter som å lytte og vente, ta kvar sin tur – bli einige – stille spørsmål – dele – hjelpe – samarbeide og å gi kvarandre komplimenter.

Når barna får et større repertoar av problemløysings strategiar og betre sosiale ferdigheiter, ser en gjerne også at opposisjonell åtferd avtek, konfliktar løysast meir positivt, barna blir meir beskrivande og spesifikk i rosen av kvarandre og de vaksne, samt at de kjenner igjen en utfordring og et problem og leter sjølv etter løysningar.

Barna øver gjennom 60 samlingar med ulike tema og praktisk orienterte metodar. Vi be nytter store

handdokker, samtale omkring video vignettar, rollespel og øvingar, samt ulike aktivitetar knytta opp til tema. Samlingane er spennande, annleis, pedagogiske og nyttige. Dinoskulen heldes i barnehagen to dagar i veka og vi driver programmet videre med eige kvalifisert personale.

Tema i Dinosaureskolen er:

- Reglene (å gjere sitt beste),
- Gjenkjenne og forstå følelsar (hos seg sjølv og andre),
- Problem løysning,
- Vold/ Overgrep

- Sinnemestring (strategiar for sjølvregulering),
- Venskapsferdighetar,
- Å presentere seg sjølv (danning)



Om de ønsker utfyllande informasjon om Dinosarskolen kan de ta kontakt med pedagogisk leier på Myzia eller på Coccinella slik at de kan få bla i manualen.

Dinosarskolen vil være et eget tema på det første foreldremøtet dersom du har et barn som skal delta her.

Trygg i Fellesskap

Våren 2015 og hausten 2016 blei personalgruppa kursa gjennom Trygg i Fjell (no trygg i fellesskap). Dette for å auke fokuset på eit svært viktig tema. Vi har eit bevisst forhold til mobbing og jobbar førebyggande. Ansvarlege vaksne som er til stades der barna er, vil være avgjerande. Ingen barn skal være aleine eller haldast utanfor i leik. Vi må lære barna leikekoder, rettleie og støtte dei for å auke deira sosiale kompetanse.



Mobbing kan også førekome blant små barn i barnehagen. Dette kan skje i skjul, som utesenging frå leik, ekskludering i aktivitetar, ved blikk, ved å vende andre ryggen, eller som verbale ytringar. Gjentatte enkelthendingar mot same person kan reknast som mobbing. Det handlar om gruppodynamikk og relasjonar, ikkje berre om den som mobbar og den som blir mobba.

For å førebygge mobbing gjennomfører barnehagen mellom anna barnesamtaler vår og haust for dei eldste barna. Observasjon, dokumentasjon og jamlege vurderingar av barna si trivsel og utvikling skal også bidra til at mobbing vert førebygd. Dei tilsette skal bevisstgjera gjennom fargeskjema og fokus på vaksenrolla.

Vi bruker nemning og coaching frå dei utrolege åra. Dinoskulen er også viktig i arbeidet med å ruste

barna; vise omsyn, kunne akseptere eit nei og handtere eigne følelsar i ulike situasjoner som oppstår i løpet av ein dag.

Observerer vi eller får vite om eit barn som blir stengd ute i leik, ikkje trivst og/eller vert mobba, skal dette prioriterast og takast fatt i snarast. Det vert då etablert eit tett samarbeid med føresette, personalet skriv strategiplan, samt orienterer -og samarbeider med øvre personale, samt at styrar som fagleg leiar vert informert.

Det er viktig å setje i gang prosesser rundt barnet og i barnehauptauppgåva så tidleg som råd er. Vårt verktøy i dette arbeidet vil vere BTI(Betre tverrfagleg innsats) frå haust 2020. Frå 1. mai 2016 er barnehagen representert med to ressurspersonar for Trygg i Fellesskap. Ressurspersonane har eit særskilt ansvar for å følgje opp saker som eventuelt oppstår.

I Marihøna barnehage skal små og store bli sett og føle seg trygge i en meiningsfylt, inkluderande og anerkjennende kvardag.

Sjå Trygg i Fellesskap modellen for ytterlegare informasjon om førebygging og tiltak

<https://www.oygarden.kommune.no/tjenester/barnehage-skule-og-familie/skule/mobbing/trygg-i-fellesskap/>

Det allmennpedagogiske tilbodet til barn som treng ekstra støtte.

I barnehagen går det også barn med behov for ekstra støtte og/eller tilrettelegging grunna til dømes ulike funksjonsnedsettingar. Då må barnehagen legge til rette for at barna får den støtta og hjelpa dei har trøng for. Barna skal i den utstrekning det er mogleg delta i barnehagen sine aktivitetar på linje med andre barn. Aktivitetane i barnehagen kan ofte planleggast med justeringar som gjer det mogleg for alle å delta. I særskilte tilfelle ut frå barnet sitt eige behov skal det ha eigentrening og eit separat opplegg. Vi legg til rette til det beste for barnet i nær dialog med foreldra. Om det er behov for ekstra ressursar/tilrettelegging, kan foreldre søke om dette i samarbeid med barnehagen.

Rammeplanen og fagområde

Kunnskapsdepartementet har med heimel i § 2 i loven fastsett forskrift om rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver. Rammeplanen gir retningsliner for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåver. Alle barnehagar skal bygge sin verksemnd på verdigrunnlaget og innhaldet som er fastsett i barnehagelova og på internasjonale konvensjonar som Norge har sluttat seg til, mellom anna ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og FN si barnekonvensjon. Målet med rammeplanen er å gi styrer, pedagogiske leiarar og øvre personale ein forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemnd.

Progresjonsplan for arbeid med fagområda i rammeplanen:

Kommunikasjon, språk og tekst

Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle sin språkforståing, språkkompetanse og eit mangfold av kommunikasjonsformer. I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialektar gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekster frå samtid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språklig nysgjerrigkeit, bevisstheit og utvikling.

I barnehagen skal barna få moglegheit til å erfare ulike formidlingsmåtar av tekster og fortellingar, som kjelde til estetiske opplevingar, kunnskap, refleksjonar og møter med språk og kultur. Personalelet skal invitere til utforskning av både munnlege språk og skriftspråk.

Døme på korleis vi arbeidar med progresjon i fagområdet:

1-2 år	3-4 år	5-6 år
Mål	Mål	Mål
Metode	Metode	Metode
<p>-Gi barnet kjennskap til ord og omgrep og støtte til språkutvikling.</p>	<p>-Få oppleve å ta bilet, og teikne og lage tekst til bilet..</p> <p>-Få utvikle eit godt språk.</p>	<p>-Øve på å framføre ting sjølv, løyse konfliktar, være venner og ha ein god kommunikasjon.</p> <p>-Lage eigne fortellingar.</p> <p>-Legge til rette for leike skriving</p>
<ul style="list-style-type: none"> Personalelet er eittåringen sitt verbalspråk. Vi anerkjenner og benemner barna sine uttrykk/kroppsspråk i alle situasjonar i løpet av dagen Vi les bøker kvar dag Vi jobbar mykje med konkretar og bilete Vi syng ofte, og har musikk samling Vi jobbar for å oppretthalde ei lita barnegruppe, og ser verdien av ei nær voksen-barn relasjon med tanke på språkutvikling. 	<ul style="list-style-type: none"> Vi jobbar med rim, regler, og les bøker saman med barna. Vidare samtaler vi om bøkene sitt innhald Vi tilretteleggjar for god rolleleik gjennom bevisst utforming av rommet, hensiktsmessige gjenstandar og utkledningstøy Vi blir kjent med alfabetet og det er eit mål at barna kjenner igjen si eigen bokstav Pedagogisk språkarbeid for alle i smågrupper 	<ul style="list-style-type: none"> Vi er bevisste vaksne som oppmodar barna til å bruke språket på ei positiv og hensiktsmessig måte Vi har samlingsstund kvar dag og fellessamling kvar fredag Vi jobbar spesielt med å sette ord på kjenslene våre Dinoskulen har eigne skuleforberedande aktivitetar Bruk av Ipad, smartboard og pc til leik med ord og tekst. Lage fortellingar

Etikk, religion og filosofi

Etikk, religion og filosofi er med på å forme måtar å oppfatte verda og menneske på og pregar verdiar, normer og haldningar. Fagområdet retter særleg merksemd mot barnehagen sitt samfunnsmandat og verdigrunnlag i eit samfunn prega av livssynsmangfold.

Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn og erfaringar med at kulturelle uttrykk har eigenverdi. Barnehagen skal skape interesse for samfunnet sitt mangfold og forståing for andre menneske si livsverd og levesett. Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål skal barn få høve til sjølv å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar. Slik skal barnehagen bidra til å leggje grunnlag for kritisk tenking og dømekraft.

Dette betyr at vi skal ta oss tid til å høre på barna, undre oss saman med dei og rettleie dei i ting som opptar barna. Dette er viktig for å fremje den berekraftige utviklinga og hjelpe barna til grunnleggande danning som vidare fører til godt medborgarskap.



Døme på korleis vi arbeider med prosesjon i fagområdet:

1-2 år	3-4 år	5-6 år
Mål	Mål	Mål
Metode	Metode	Metode
-Lære å dele og vise omsorg for hverandre. -Få undre seg.	-Lære om venskap og respekt. -Undre seg i kvardagen. -Barna får uttale seg og vi snakker om følelser og alt barna undrer seg over.	-Barna skal få være seg sjølv og kunne si det dei meiner og føler uansett religion og kjønn.
<ul style="list-style-type: none">· Vi jobbar med etikk og empati ved å anerkjenne og trøyste barn som er lei seg· Vi filosoferer og undrar oss over naturfenomen som snø, vann, månen og fugler sammen med barna	<ul style="list-style-type: none">· Vi jobbar dagleg med etikk gjennom ulike tema, til dømes vennskap og følelsar.· Vi jobbar dagleg med positiv konflikthandtering. Vi ønsker å formidle overfor barna at det er ok å være i konflikt, og viktigheten av å finne en løsning på den sammen	<ul style="list-style-type: none">· I forbindelse med julehøgtida formidler vi juleevangeliet· I samlingsstund formidler vi nestekjærleik, tilgiving, menneskeverd, likeverd, ansvar for fellesskapet, ærlighet og rettferdighet.

<ul style="list-style-type: none"> Vi markerer dei kristne høgtidene tradisjonelt og kulturelt gjennom song, eventyr og formingsaktiviteter 	<ul style="list-style-type: none"> Vi lar barna få tid til å filosofere, og er lydhøre for deira tankar Vi syng julesongar, og tenner adventslys i markeringen av julehøgtida 	
--	---	--

Mengd, rom og form

Fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturer og hjelper barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet.

Barnehagen skal synleggjere samanhengar og legge til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleliv, i teknologi, natur, kunst og kultur og ved sjølv å være kreative og skapande.

Arbeid med fagområdet skal stimulere barna si undring, nysgjerrigkeit og motivasjon for problemløsing.

Fagområdet omfattar leikende og undersøkande arbeid med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tall, teljing og måling.

Det handlar også om å stille spørsmål, resonnere, argumentere og søke løysningar.

Døme på korleis vi arbeider med progresjon i fagområdet:

1-2 år	3-4 år	5-6 år
Mål	Mål	Mål
Metode	Metode	Metode
-Få kjennskap til rom, størrelse og antal.	<ul style="list-style-type: none"> -Bli kjent med omgrepa stor – liten, kort – lang osv. -Bli kjent med de ulike formene. -Lage rom i rommet. 	<ul style="list-style-type: none"> -Erfare at det finnes høgare tal enn ti. -Få kjennskap til fleire geometriske former. -Få erfaring med tid, klokke, dato, kalender, tal, mengde osv.
-Barna får romkjensle gjennom aktiv bruk av eigen kropp. Til dømes når barna klatrar over, under, oppå, inni og erfarer kroppens moglegheiter og begrensningar. Begynnande forståing for storleik (liten/stor), vekt og volum	<ul style="list-style-type: none"> · Vi erfarer storleik gjennom måling av eigen og andre si høgd · Vi gjer oss erfaringar med vekt gjennom leik og forsking · Vi erfarer ulike former gjennom bruk av formingsmateriell som plastelina, ull, leire 	<ul style="list-style-type: none"> · Dagleg gjennomgang av kalender; teljing av vekedagar, heilagdagar, dato. Begynnande forståing av dei ulike månadane og kalenderåret · Vi jobbar med dei matematiske omgrepa, størrelse og tal gjennom dramatisering av ulike eventyr

<ul style="list-style-type: none"> · Vi leiker med putteboks, personalet nemner geometriske former, eks. sirkel, kvadrat, rektangel, trekant/triangel · Vi sorterer og kategoriserer leikene våre · Vi teljar med barna 	<ul style="list-style-type: none"> · Vi tel mykje med barna, og ser at dei erfarer og praktiserer ein til ein teljing · Barna er delaktig i borddekkinga · Vi har puslespel tilgjengeleg på avdelinga 	<ul style="list-style-type: none"> · som f. eks. Bukkane Bruse og Gullhår og dei tre bjørnene · Barna deltar i borddekking og gjer seg erfaringar med parkopning · Dinoskulebarna får ulike matematiske oppgåver · Vi spiller kort og terningspel
--	--	---

Nærmiljø og samfunn

Barna si medverking i barnehagen sitt kvardagsliv legger grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med deltaking i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjent med eige nærmiljø, samfunnet og verda.

Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrker slik at barna kan oppleve å høre til nærmiljøet. Kulturelt mangfold, ulike levevis og ulike familieformer er ein del av fagområdet. Gjennom lek og varierte aktivitetar skal barna få erfaring med å lytte, forhandle og diskutere og få begynnande kjennskap til menneskerettigheitene.

Fagområdet skal omfatte kjennskap til samisk språk, kultur og tradisjon og kjennskap til nasjonale minoritetar. Grupper med langvarig tilknyting til landet vert definert som nasjonale minoritetar. I Norge er dette kvener/ norskfinnar, jødar, skogfinnar, rom og romanifolk/tatarar.

Døme på korleis vi arbeider med progresjon i fagområdet:

1-2 år	3-4 år	5-6 år
Mål	Mål	Mål
-Vise på turar kva nærmiljøet har å by på.	<ul style="list-style-type: none"> -Bli kjent i nærmiljøet. -Bli kjent med trafikken. -Alle barn blir behandla likt uavhengig av kjønn. -Lære om seg sjølv og familien. -Bli kjent med andre kulturar. 	<ul style="list-style-type: none"> -Bli kjent med nærmiljøet og trafikken. -Bli betre kjent med andre kulturar. -Bli kjent med ulike yrker.
Metode	Metode	Metode
<ul style="list-style-type: none"> · Vi utforskar ulike rom, ute og inne · Vi har eigen utetid der vi får utforske uteområdet i eige tempo, og små turar i nærområdet 	<ul style="list-style-type: none"> · Kvar veke går vi på turar i nærmiljøet · Vi snakkar om dei ulike funksjonane som er i nærmiljøet; mellom anna butikk, bibliotek, svømmehall, skule. 	<ul style="list-style-type: none"> · Vi besøker ulike samfunnsinstitusjonar som butikk, bibliotek og gym salen på skulen · Vi er på turar i nærmiljøet i tillegg til lengre turar · Vi tar opp viktige tema som demokrati, likestilling og likeverd.

<ul style="list-style-type: none"> Vi jobbar for at barna skal oppleve tilhørighet i ei liten gruppe Barna vert kjent med eigne og andre sine grenser, og vi ser det i samanheng med samfunnet forøvrig og demokratiet 	<ul style="list-style-type: none"> Vi tilretteleggjer for, og ser, at barna gjenspeiler samfunnet i sin rollelek, til dømes butikkleik, familieleik Vi går på tur til barna si heim Vi snakkar om ulike yrker og barna fortel om sine foreldre si jobb Vi jobbar med normer, regler og god skikk og bruk, eks. takker for maten 	<p>Vi understrekar verdien av et mangfaldig samfunn</p>
--	---	---

Kropp, rørsle, mat og helse



Vaner og handlingsmønster tek form allereie frå tidleg alder. Gode vaner som vert tileigna i barnehagealder, kan vare livet ut. Barnehagen skal legga til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei kan få vere aktive, leik og sosial samhandling og oppleve motivasjon og meistring ut frå eigne forutsetningar. Barnehagen skal bidra til at barna vert kjent med kroppen sin og utviklar røynsle om eigne og andre sine grenser.

Gjennom arbeid med fagområdet skal barna få moglegheit til å sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt. Gjennom medverknad i mat- og måltidsaktiviteter skal barna motiverast til å ete sunn mat og få grunnleggjande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse.

Døme på korleis vi arbeidar med progresjon i fagområdet:

1-2 år	3-4 år	5-6 år
Mål	Mål	Mål
<ul style="list-style-type: none"> -Gi barna positive opplevelingar av å meistre. -Måltidet skal være hyggjeleg. -Lære å si nei/stopp om dei blir krenka. -Øve på påkledning, oppmuntre til å meistre sjølv. 	<ul style="list-style-type: none"> -Forstå hygiene -Lære respekt for egen og andre si kropp og grenser. -Lage mat og få kjennskap til kor maten kjem frå. 	<ul style="list-style-type: none"> -Klare toalettbesøk på eigen hand. -Kunne vurdere klede ut frå været. -Økt fysisk aktivitet i utetia.

Metode	Metode	Metode
<ul style="list-style-type: none"> · Aktiv bruk av bevegelsessongar · Personalaet har ein raus haldning til eittåringen sitt naturlege kroppslege uttrykk. Vi lar for eksempel barna klatre inne og ute og ser viktigheita av at barna utforskar si eigen kropp sine motoriske eigenskapar · Vi er ute i all slags vær · Vi snakkar om kor maten kjem frå 	<ul style="list-style-type: none"> · Turar i nærmiljøet · Trening i på- og avkleding · Vi arbeider med bevisstgjering av våre sansar · Vi jobbar med kjensler gjennom ulike tema som vennskap · Fokus på kor maten kjem frå, og at barna deltar i matlagning · Bevegelseslek med regler, eks. raudt og grønt lys og ta den ring og la den vandre • Lage mat ute 	<ul style="list-style-type: none"> · Fast turdag ein dag i veka. · Vi jobbar med tema kropp og kjensler · Rørsle til musikk og drama · Avansert regelleik som boksen går og gøyme og leite · Vi sår og haustar <ul style="list-style-type: none"> • Lage mat ute

Kosthald i barnehagen

2 dagar i veka serverer vi havregraut. Denne varierer vi ved å koke den med ulike tilsetningar som til eksempel kokos, chiafrø eller müsliblanding. Grauten toppler vi nokon gonger med kanel og sukker, andre gonger har vi rosiner eller syltetøy på toppen.

2 dagar i veka har vi brødmat, da får barna stort sett velje mellom knekkebrød og brødkraker, eller vi smeller saman ein deig og serverer ferske rundstykka. Av pålegg får barna velje i kvit/brun ost, makrell i tomat, leverpostei, baconost, prim, ulike kjøtpålegg som servelatpølse, fårepølse, skinke eller salami div kyllingpålegg, kaviar, agurk og tomat.



1 dag i veka får barna varmlunsj som for eksempel kan være lasagne, fiskekaker og poteter, kjøttbollar, pizza eller ein suppe.

Kvar dag får barna tilbod om mjølk til lunsj.

På ettermiddagen serverer vi et mellommåltid. Oftast er det frukt, her er det stort sett alltid eple, appelsin og banan, men vi supplerer også med andre frukter som klementiner, kiwi, mango, melon, druer, pærer og ulike ber. Også gulrøter, blomkål og kålrot kan vi finne på fruktfatet. Har vi rester av havregrauta kan denne gjerne serverast i ein vaffelrøre, i havrebarar eller som scones til fruktmåltidet.

I matboden finner vi også div hermetikk, rett i koppen suppe, nudlar og kakao som barna kan få servert på tur.

Natur, miljø og teknologi

Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremme forståing for naturen si eigenart og barna si vilje til å verne om naturressursane, bevare biologisk mangfold og bidra til berekraftig utvikling. Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremmer evna til å orientere seg og opphalde seg i naturen til ulike årstider.

Barnehagen skal legge til rette for at barna kan få eit mangfold av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring. Barnehagen skal legga til rette for at barna kan vere nysgjerrige på naturvitakaplege fenomen, oppleve tilhøyring til naturen og gjere erfaringar med bruk av teknologi og reiskapar.

Døme på korleis vi arbeidar med progresjon i fagområdet:

1-2 år	3-4 år	5-6 år
Mål	Mål	Mål
Metode	Metode	Metode
-Få brukt kroppen sin ut frå eigne forutsetningar. -Få oppleve årstidene. -Få kjennskap til småkryp og andre dyr.	-Bli kjent med årstidene. -Lære å ta vare på og ha respekt for eigne og andre sine ting. -Resirkulering -Sjå kor maten kjem frå.	-Bli kjent med smartboard. -Bli kjent med nokre samanhengar i fysikk. -Få veie og måle.
<ul style="list-style-type: none">· Vi utforskar dei ulike elementa som vann (is og snø), jord (sand), vind, samt andre naturfenomen som planter, insekt og trær· Vi kastar søppel i søppelbøtta· Vi er ute i all slags vær· Enkel konstruksjonsleik (teknikk) som f. eks. duplo	<ul style="list-style-type: none">· Vi utforskar insekt, planter og dyr· Vi snakkar om årstidene, og bekledning til veret· Begynnande forståing for resirkulering og gjenbruk· Vi sår og høstar med barna eksempelvis karse og solsikker· Vi lager mat ute på bål	<ul style="list-style-type: none">· Vi sorterer søpla· Vi bruker naturmateriale og uteområdet i formingsaktivitetar.· Vi utforskar dei ulike elementa sine eigenskapar, eks. vann til is.· Vi snakkar med barna om miljøvern.· Vi nytter smartboarden saman med barna.· Vi gjer enkle eksperimenter og forsøk i løpet av året.



Kunst, kultur og kreativitet

Opplevingar med kunst og kultur i barnehagen kan legge grunnlag for tilhøyring, deltaking og eget skapande arbeid. I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon. Barna skal støttast i å være aktive og skape eigne kunstnariske og kulturelle uttrykk. Barnehagen skal legge til rette for samhøyrigheit og kreativitet ved å bidra til at barna får være saman om å oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk.

Fagområdet omhandlar uttrykksformer som biletkunst og kunsthandverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design. Barnehagen skal la barna møte ulike kunstnariske og kulturelle uttrykk som speglar eit mangfaldig samfunn og ulike tidsepokar. I arbeid med fagområdet skal personalet stimulere barna si

nysgjerrigkeit, utvide deira forståing og bidra til undring, undersøking, utprøvingar og eksperimentering. Barnehagen må legge til rette for og vidareutvikle barna sine kreative prosesser og uttrykk.

Døme på korleis vi arbeidar med progresjon i fagområdet:

1-2 år	3-4 år	5-6 år
Mål	Mål	Mål
-Utfordre fantasi med ulike materiale og legga til rette for sanseopplevingar. -Lære songar.	-Få erfaring med land art. -Få erfaringar med ulike materiale som f. eks. leire, maling, papir ol. -Gi erfaringar med og få opplevingar av drama og teater. -Få bruke «verdilaust» materiale og skape kunst sjølv.	-Få gode opplevingar med dramalek og musikk. -Gi erfaringar med og få oppleving av drama og teater. -Øve til sommarfest.
Metode	Metode	Metode
<ul style="list-style-type: none"> Barna vert kjent med ulike material gjennom sansene sine; smake, lukte, føle Vi synger mykje saman med barna og brukar instrument Vi les bøker for og med barna 	<ul style="list-style-type: none"> Tilrettelagte formingsaktiviteter, eks. maling, lim og paljettar, tegning, plastilina Vi syng og høyrer mykje på musikk, både ute og inne. 	<ul style="list-style-type: none"> Vi har dramalek og kunstuttrykk og opptrer gjerne på fellessamlingar på fredagar Vi blir kjent med mange ulike teknikkar innan forming, eks. pastellkritt, akvarell, kull, leire, ull

- | | | |
|--|--|---------------------------------------|
| · Tilrettelagte formingsaktiviteter, eks. maling og liming | · Vi har fokus på prosessen der aktiviteten er eit mål i seg sjølv | · Teiknesaker er alltid tilgjengeleg. |
|--|--|---------------------------------------|

Omsorg, danning, leik og læring

"Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling" (barnehagelova §1, formål, 1 ledd)

Omsorg

Omsorg er viktig for barn si utvikling og læring, og barnehagen skal sørge for at omsorg pregar alle situasjonar i kvardagslivet og kjem til uttrykk gjennom heile barnehagedagen. I Marihøna skal barna møtast av lyttande og engasjerte vaksne, som viser nærliek og innleiving. Personalalet skal bygge omsorgsfulle relasjoner preget av lydhøyre, nærliek, innleiving og evne og vilje til samspel. Vi skal verdsette og anerkjenne barnet sine eigne omsorgshandlingar.

Danning

Danning er ei livslang prosess, som mellom anna handlar om å utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar og bli ein sjølvstendig deltakar i eit demokratisk fellesskap. Danning skjer i samspel med omgjevnadene og andre rundt. Gjennom gode danningsprosessar vert barna i stand til å handtere livet ved at dei utviklar evne til å forhalda seg prøvande og nysgjerrig til det som skjer rundt dei, og ser seg sjølv som eit verdifullt medlem av eit større fellesskap.

For oss i Marihøna handlar danning om alt frå å vente på tur, vaske hender, seie god morgen, rydde opp etter seg eller andre, lytte til andre, komme med forslag, møte vennlege blikk, oppleve omsorg og kjærlek, til å sjå at nokon er gode mot kvarandre, og få moglegheit til å gi kjærlek og godheit, lytte til latter, smile til ein annan og få eit smil igjen. At det er greitt å være sint, men ikkje greitt å slå nokon når vi er sint. Danning er også når ein ikkje vil, ikkje er einig, yter motstand, når vi må tenke oss om, løyse eit problem, spørje om lov, om å akseptere eit nei, hjelpe ein som trenger det, regulere sine kjensler, oppleve nederlag og feire det gode. Danning er ei livslang prosess som former oss som menneske. Tydingsfulle barn og vaksne er rollemodellar og verdiformidlarar for kvarandre. I arbeid med danning skal barna erfare å bli

høyrt, dei skal få være med å medverke i eigen kvardag, og dei skal erfare vaksne som er gode rollemodellar.

Leik

Barn leiker for leiken si eigen del, og leik skal ha stor plass i barnehagen. I leik uttrykker barn seg og får nye erfaringar saman med andre. Gjennom leik utviklar barn sosiale ferdigheiter, empati og sjølvfølelse.

- Barnehagen skal sjå til at leiken har ein sentral plass i barnehagen. Leiken skal vere ei arena for barnet si utvikling og læring. Vi legg til rette for at leiken kan vare over lengre periodar. Dei vaksne er tett på og nokon gonger med i leiken- den fine balansen mellom å være tett på, og deltakande i leiken, må dei vaksne vere merksam på. Vi vektlegg både barnas frie leik der dei styrar innhald og progresjon sjølve og leik der den vaksne er medspelar, og vi nyttar leikbasert læring kor den vaksne presenterer leiken.
- Barnet skal gjennom leik oppleve venskap, trivsel og tilhøring og få utvikla samt styrka si identitet og sjølvkjensle. Barnet skal gjennom leiken få fremme si utvikling intellektuelt, språkleg, fysisk, sosialt, etisk og estetisk.
- Personalet skal sørge for at det vert gitt gode vilkår for leik, og skal både organisere og legge til rette. For at personalet skal kunne observere, anerkjenne, rettleie, støtte samt fremme eit inkluderande miljø der alle barn får delta i leken, må personalet vere **ved** leiken, **med** leiken, **i** leiken og **for** leiken.

Læring

«Barnehagen skal fremje læring, og barna skal oppleve eit stimulerande miljø som støtter opp om deira lyst til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materialar og reiskap som bidreg til meiningsfull samhandling. Barna si nysgjerrigkeit, kreativitet og vitebegjær skal verta anerkjent, stimulert og ligge til grunn for deira læringsprosessar. Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna får bidra i eigen og andre si læring»

Rammeplan for barnehagar.

Læring kjem av barn sine eigne erfaringar, at dei får være med å prøve, undersøke, utforske og påverke. Vi vaksne skal sørge for eit inkluderande fellesskap, og støtte barna si nysgjerrigkeit, kreativitet og utforskarktronng. I Marihøna barnehage betyr det å være engasjerte og motiverande vaksne som undrar seg saman med barna kring stort og smått som dei er oppteken, av samstundes som vi

introduserer dei for nye tema på ein måte som skapar engasjement hos barna. Vi skal leggje til rette for læring i både planlagde og ikkje planlagde aktivitetar. Nokre gongar kan det og skje at vi vel å leggja vekk planlagde aktivitetar fordi det oppstår situasjonar som gjer at barna vert oppteken av heilt andre ting – «her- og- no» prinsippet. Planlagde tema kan vi alltid hente fram igjen ved seinare høve.

Dokumentasjon og vurdering

Rammeplanen seier:

Dokumentasjon av personalets arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagens arbeid med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet kan gi foreldre, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemyndighet informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen, og om korleis barnehagen oppfyller krava i barnehagelova og rammeplanen.

Vurderingar om barnegruppa og enkeltbarns trivsel og allsidige utvikling skal dokumenterast når det er nødvendig for å gi barnegruppa og enkeltbarn et tilrettelagt tilbod. Det kan gi grunnlag for å tilpasse og vidareutvikle det pedagogiske arbeidet.

Barn har rett til vern om sin personlege integritet. Et etisk perspektiv skal derfor ligge til grunn ved dokumentasjon av barnegruppa og enkeltbarn. Personopplysningiar skal behandlast i samsvar med personopplysningsloven. Med behandling av personopplysningiar meinast all innsamling, registrering, samanstilling, lagring og utelevering av opplysningar og vurderingar som kan knytast til en enkeltperson. Dersom barnehagen skal utelevere personopplysningiar om barnet til andre instansar og det ikkje føreligg lovheimel, må foreldra samtykke til dette. Kravet om samtykke frå foreldra gjelder for eksempel ikkje i tilfelle der personalet deler personopplysningiar med barnevernet for å oppfylle opplysningsplikta i barnehagelova § 22.

Foreldre har rett til å sjå og få utelevert dokumentasjon om egne barn, og til å få slettet eller korrigert opplysningar som er feilaktige eller misvisande.

Planlegging, dokumentasjon og vurdering er noko som er ein kontinuerleg prosess i Marihøna.

Gjennom heile året vil vi vurdere vaksenrolla og framferd, dette gjer vi i tråd med årshjulet for DUÅ og Dino. Vi nyttar sjølvevaluering og har evalueringar på personalmøte og planleggingsdagar heile

året. Dette arbeidet er noko heile personalet deltek i. Resultata samlar vi til halvårs-evaluering og ligg i avdelingane sine permar.

Alt HMT arbeid er planlagt ut over heile året. Dette er det styrar og verneombod som gjer.

Vi jobbar i to månader med kvart fagområde. Forut for kvar periode planlegg vi korleis perioden skal sjå ut. Dei tilsette planlegg ut i frå krava i barnehagelov og rammeplan. Så inviterer vi føresette til å kome med innspel til korleis dei tenkjer. Dette gjer vi ved bruk av transponder meldingsbok, mail og kontakt i garderoben.

Så er det tid for å lage tankekart saman med barna. Kva er det dei ser føre seg når perioden startar?

Vi nyttar og Ipad eller SmartBoard når vi planlegg med barna for å utvide tankar og sjå ulike kjelder til inspirasjon.

Vi nyttar alle partar i planlegginga og vurderinga for å sikre at vi leverer god kvalitet på: tenesta, innhald presentert for barna og barns medverking. Vidare gjer evalueringa oss eit godt bilet på kva som må gjerast for å oppnå progresjon for gruppa og kvart einskild barn.

Barn si medverknad

"Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglege verksemd. Barn skal jamleg få moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemd. Barnet sitt synspunkt skal tilleggjast vekt i samsvar med alder og modning." (Barnehagelova, §3)

Alle barn skal oppmuntrast til å gi aktivt uttrykk for sine tankar og meininger, dette vert også vekta i FN si barnekonvensjon.

Barn gir uttrykk for korleis dei har det både språkleg og kroppsleg. Dette skal vi anerkjenne og ta på alvor.

Dei yngste barna formidlar sine synspunkt ved kroppshaldningar, mimikk og andre kjensleuttrykk. Desse må vi vaksne fange opp og svare tydeleg og anerkjennande på. Vi støtter barna ved å kommentere på følelsar og ønskjer.

Dei yngste barna er i stor grad oppteken av her og no situasjonar. Dei formidlar gjerne sine ønskjer med lydar og peiking. Nære og tilstadeverande vaksne fangar opp dette, og kan på den måten la barna være med å påverke dagen, og tema som det vert arbeida med i bhg.

Eldre barn bruker si stemme og sitt verbalspråk på ein vidare måte. Etterkvart dannar dei seg ei oversikt over dag og veke og kan være med å planleggje og vurdere barnehagen sitt tilbod og

aktivitetar. Dei får mellom anna planlegge og gjennomføre fellessamlingar, være med å bestemme kor turen skal gå, kva leikeaktiviteter dei ønskjer å delta på, påverke ulike tema som det vert jobba med på avdelinga- for å nemne noko.

Årshjul 2024 - 2025

SEPTEMBER			
VEKE 37 Mandag 9/9	Planleggingsdag		Barnehagen er stengt
VEKE 38 17/9	Foreldremøte		Avdelingsvis, skriv kjem
Veke 38	BRANNVERNVEKE		Vi lærer og set fokus på brannsikkerheit gjennom leik og aktivitetar med borna
25.SEPTEMBER	SU-MØTE		Representantar frå foreldregruppa og personale – Godkjenning av årsplan
OKTOBER			
VEKE 40-41			Foreldresamtalar på Thea
VEKE 42-43			Foreldresamtale Coccinella
Veke 43	Venskapsveke		Alle avdelingane
24 OKTOBER	FN DAGEN		Aktivitet kring FNs barnekonvensjon
NOVEMBER			
1. NOVEMBER	Planleggingsdag		Barnehagen stengd
VEKE 45-46			Foreldresamtalar på Adalia
VEKE 47-48			Foreldresamtale på Myzia

27 november	Juledisko		Su arrangerer å send ut skriv til foreldre.
DESEMBER			
VEKE 49-50	JULEVERKSTAD		Avdelingsvis.
Veke ?	Juleverksteda og Julegudstjeneste		Juleverksted (Invitere besteforeldre til 2020 og 2021 barna) Førskulebarna skal på gudstjeneste
VEKE 49	BAKE		Bake lussekattar avdelingsvis.
13 DESEMBER	LUSIA		Vi går i Luciatog og deler ut lussekattar.
20 DESEMBER	NISSEFEST		Borna som vil, kan kle seg opp og vere med på nisse sprell i barnehagen ☺
JANUAR			
FEBRUAR			
7 februar	Planleggingsdag		Bhg stengt
6 FEBRUAR	SAMEFOLKETS DAG		Vi markerer dagen med innslag av samisk kultur.
21 FEBRUAR	KARNEVAL		Karneval. Meir info kjem når det nærmar seg.
MARS			
11. MARS	BARNEHAGEDAGEN		
APRIL			
VEKE 14-15			Foreldresamtalar Coccinella.
Foreldremøte			Tema og dag kjem på innkalling

VEKE 14 og 15	PÅSKE		Diverse aktivitetar knytt til påska/påskebodskapen.
VEKE 15-17			Foreldresamtalar Thea
MAI			
2 mai	Planleggingsdag		
14 Mai	Fotograf Reimers		Fotograf Reimers kjem kl.09:00
VEKE 18-19			Foreldresamtalar Adalia.
VEKE 20-21			Foreldresamtalar Myzia
16 MAI	17 MAI FEIRING		Aktivitetsdag til 17 mai. Vi synger, går i tog og pynter avdelingene litt.
30 MAI	PLANEGGINGS-DAG		Barnehagen stengd
JUNI			
5 JUNI	SOMMARFEST PÅ ETTERMIDDAGSTID FOR BARN, FORELDRE OG TILSETTE		SU – FORELDRENE LAGER INVITASJON OG ORGANISERER DELTAKELSE OG MAT
VEKE 23	BESØKSVEKE		Besøksveke for nye born.
VEKE 26	FERIEAVIKLING		Avvikling av ferie for born og personale.
JULI 2021			
VEKE 27-29	SOMMARTEMA FERIEAVIKLING		Avvikling av ferie for born og personale.
VEKE 30-31	SOMMARTEMA FERIEAVIKLING		Avvikling av ferie for born og personale Barnehagen stengt

AUGUST 2025			
AUGUST	SKULESTART		Skulestart for dino skuleborna. Vi vinkar dei farvel!
VEKE 33-36	Tilvennningssdagar		Nye born startar i barnehagen.

Nyttige lenker:

<http://modellen.tryggfjell.no/>

<http://dua.uit.no/2-dinosaurskole-i-smagruppe-3-8-ar/>